



Notat

Dato: 17.01.2018
Arkivsak: 2017/17708-6
Saksbehandlar: torslin

Til: Nina Gjester Hoel

Frå: Tore Slønning

Planprogram ny kommuneplan 2018 - 2048 - Bømlo kommune - Kulturminnefagleg innspele

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Om kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i en heilsakapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleveling og verdiskaping.

Det er positivt at Bømlo kommune er i gang med arbeidet med ein kulturminneplan. Gjennom ein kulturminneplan vil kommunen få eit betre oversyn over kulturminne og kulturmiljø, både dei som er freda og dei som er viktige lokalt. Ei god oversikt er naudsynt i forvaltninga av plan- og bygningslova, og ein viktig reiskap for å prioritere kva kulturminne og kulturmiljø som kan framhevest i lokal samfunnsutvikling innan reiseliv, utdanning, friluftsliv, folkehelse, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen. For å kunne gjøre nytte av den ferdige kulturminneplanen og oppretthalde den som ein relevant reiskap, er det viktig at oversyn over kulturminne og kulturmiljø blir eit obligatorisk kartblad i kommunen si arealplanlegging.

Planprogrammet for kommuneplanen 2018-2048

Planprogrammet for kommuneplanen 2018-2048 bør ha eit eige punkt under hovudtema som spesifikt omhandlar kulturminneinteressene i kommunen. Her er det rom for å vise til viktige kulturminne og kulturmiljø, og kva tiltak og tilrettelegging som kan ivareta og fremje dei rike kulturminneinteressene på Bømlo. Noko av dette er nemnt under hovudtema *Kulturforvaltning*, men vil venteleg også bli gjenstand for vidare drøftingar i samband med konsekvensutgreiing knytt til arealdelen i kommuneplanen.

I ei konsekvensutgreiing må kulturminna skildrast, og konfliktgraden mellom byggeområde/tiltaksområde i sjø og kulturminne bli avklart. Dette gjeld både freda kulturminne og

kulturminne frå nyare tid. I områder med nye arealføremål med tanke på utbygging, næring osv. må det foretast ei vurdering av potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Mangelfull konsekvensutgreiing, eller føresegner som ikkje ivaretak viktige kulturminneinteresser eller tek høgde for undersøkingsplikta (jf. kulturminnelova § 9), er grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune som kulturminnemynde.

Det er ein stor føremon at planproduktet, særleg arealplankartet, føresegner og retningsliner, er ryddige slik at ein unngår konflikt med kulturminneinteressene. I tillegg til ein evt. ferdigstilt kulturminneplan, kan ein i den komande planlegginga av arealdisponeringa gjere nytte av tilgjengelege databasar (jf. Askeladden) og lokale kjelder, som gjeld både verna kulturminne og lokale kulturminneinteresser.

Nye byggeområde og LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere i konflikt med freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi, og er motsegsgrunnlag frå kulturminnemynde.

Omsynssoner

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssone (d), jf. plan- og bygningslova § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan også ha verneverdi, desse bør visast på plankartet som omsynssone (c) innanfor delplanområda, jf. pbl. § 11-8, c. Det bør utgreiast korleis kommunen skal

sikre verneverdige kulturminne innanfor delplanområda. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF.

Det må vidare knytast føresegner til omsynssone d og retningsliner til omsynssone c, som sikrar at

verneføremåla blir ivaretakne. Teksten vil måtte tilpassast kvart einskild tilfelle, men kan til dømes vere følgjande:

«Omsynssone d (SOSI-kode H730)

I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjøre nokon form for varige eller mellombels inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

«Omsynssone c (SOSI-kode H570)

Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap i området. Saker som gjeld

tiltak i omsynssona skal sendast Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser.»

Generelle føresegner

Dei juridisk bindande føresegnene må sikre at verneverdige kulturminne ikkje blir utsett for skadelege tiltak eller utilbørleg skjemming, til dømes ved å inkludere følgjande i dei generelle føresegnene:

«Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje fører til skade eller utilbørleg skjemming av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Dersom kulturminne kan bli råka, skal saka leggjast fram for Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde.»

«Verneverdige einskildbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne (til dømes sjøbruksmiljø) skal i størst mogeleg grad takast vare på som bruksressursar og bli sett i stand, jf. pbl. § 11-9 nr. 7.»

For å sikre handhevinga av undersøkingsplikta (jf. kml § 9), bør føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging vere:

«Alle tiltak i areal som ikkje er utbygd innanfor LNF-område med høve til spreidd utbygging, skal sendast Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.»